

Halvårsplan vinter-vår -99

Arrangement	Dato	Måned	Ansvarleg
Årsmøte	7.	mars	Styret
Frelsesarmeen	10.	mars	Terje
Øvingshelg slagverk	1. 2.	april	Jan Magne
Øvingshelg / Jubileumskonsert	28. 29. 30.	april	Styret
Kakelotteri / speling Måløy	30.	april	Styret
17. mai	13.	mai	Tove
Jubileum Vedvik	17.	mai	Terje V.
Tur / reise	20.	mai	Styret
Jonsok - halvårsavslutning	2.3.4.	juni	Styret
Stormfestival	23.	juni	Styret
	8.9.10.	sept.	Styret

Flott årsfest

Det vart ein flott årsfest med over hundre feststemte i Turnhallen lørdag 22. jan. På bildet under ser vi frå formann Johan Einar Wåge si muntre heidring av styret og tillitsvalde med kvart sitt vaskefat. Vredens Gnag sin anmelder gir arrangementet terningkast 6.



Viktige støtte-spelarar:



Tipp og vinn

Kva er livretten til Birthe Kråkenes?

Send svaret til:

Vredens Gnag

Vågsvåg
6700 MÅLØY

Rett svar sist

Kva instrument spelar Trond Viggo Gravdal?

Rett svar:

Tuba

Ingen klarte oppgåva denne gongen

Torskangerpoll Musikklag 80-år

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Pr. 2

7. årgang

Laussal: Gratis

Februar 2000

Strålande innsats

Sjølv om Torskangerpoll Musikklag hamna på 14. plass i 2. divisjon under NM i Bergen, er korpset godt fornøgd med innsatsen.

– Konkurransen vart for hard i ein langt vanskelegare divisjon med svært høgt nivå på korpsa, seier dirigent Eirik Gjerdevik. Han seier korpset spelte opp mot sitt beste, og har all grunn til å vere fornøgd med framføringa at det krevjande stykket, «Resurgam». 81 poeng i denne divisjonen er det all grunn til å vere fornøgd med. Dommarane gav og svært rosande omtale av framføringa. Formann Johan Einar Wåge seier det vart ei flott helg i Bergen, der det var mykje flott musikk å høyre. Torskangerpoll hadde og eige stand i Grieghallen der vi reklamerte for Stormfestivalen. To veker før fristen er ute har 19 korps meldt si interesse for arrangementet. Så interessa for arrangementet synest å vere stor.



Frå storm-standen i Grieghallen.

Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872

E-mail: «erlingw@sf.telia.no»

Heimeside: www.torskangerpoll.no

Stort møte med kongen

Tirsdag 19. januar var Arne Torskangerpoll hos kongen i audiens. Med seg hadde han sin kone Aasta. Det var og 29 andre som hadde fått kongens fortjenestemedalje der, og sammen med ledsagere var det 60 personer som fikk møte kongen den dagen. Det var et forrykende vær. De var tidlig på plass og måtte vente en hel stund utenfor slottet. Og det var en kald fornøyelse, det var skjære sandstormen der den dagen. Da de kom inn fikk de informasjon om hvordan det skulle foregå.



De ble delt opp i 6 grupper, og kongen samtalte med 10 i slengen, mens de øvrige forsynte seg med kanapeer og boblevann. Det ble naturligvis ikke så mye tid til hver enkelt, men alle fikk snakke med kongen. Arne sier han såg flere kjente, blant andre musikerne og orkesterlederne Kjell Karlsen og Frode Thingnæs. Audiensen varte i 2 timer, det var en stor og minnerik dag for ekteparet.



Jentene sjarmerte igjen

Birthe Kråkenes, Ane Løvseth, Lina Wåge, Stine Kråkenes og Helene Færestrand gjorde det igjen. Under årsfesten dukka dei opp med kjempeflott sjølvskrivne sang som dei fremførte med stil og sjarme. Og applausen ville ingen ende ta.

Skuddår

Da solåret (det tropiske år) som er perioder for årstiden, inneholder 365,24220 dager mens kalenderåret må ha helt antall dager, gir man normalåret 365 dager, men skyter i enkelte år (skuddår) inn en ekstra dag, skuddag, slik at den midlere lengde av solår og kalenderår meget nær blir det samme. Skuddårsdagen har i vår tid blitt lagt til slutten av februar hvert fjerde år. Mange steder så man med en viss mistro til skuddårsdagen, ja på hele skuddåret i seg selv. Da trodde man at alt ville gå på tverke og at alt man foretok seg ville bli mislykket eller iallfall det motsatte av de vanlige. I et skuddår var det derfor tillatt for kvinner å fri til mennene, et avslag måtte imidlertid «betales» med en gave, som regel i form av hansker. Så giftesyke kvinner; benytt sjansen, det er fire år til neste gang denne muligheten byr seg.

Månedens portrett: Asbjørn Våge

Navn: Asbjørn Ø. Våge

Adresse: Kolbeintunet 12, Førde

Født: Ja, for vel 50 år sidan.


Sivilstatus: sambruar.

Yrke: klovn og sjølvstendig næringsdrivande.

Favorittmat: pinnekjøtt, kubbesild og spekesild, med eigenlaga KÅLRABISTAPPE.

Hobby: korps, korps, modellbygging, magi, hobbyreparatør, musikk, revy.

Asbjørn si musikkinteresse starta allereide som liten gutunge, då han fikk lov til å følgje far sin, John, over Skaret på musikkøving i gamleskulen. Av og til hadde far hans med seg fam. Inseth sin St. Bernards hund. Denne fekk Asbjørn av og til lov til å ri på over Skaret. På den tida var gamleskulen skule og derfor stod pultane stabla opp etter veggane under øvingane, slik at korpset skulle få plass til å spele. Ein gong hadde far hans festa hundebandet rundt foten på ein pult. Korpset starta litt sterkt, og då kvapp hunden så han drog heile stabelen med pultar ut på golvet. Asbjørn byrja i lære hos Arne ca. i 1964, og han var med på sitt første musikkstevne i 1965. Dette var på Nordfjordeid. Etter nokre år blei han vald inn i styret og fungerte som formann i fleire år. Etter kvart fekk han ein liten familie med tre ungar, som alle tre viste interesse for å føre far og farfars interesse vidare. Han har etter kvart fått god grunn til å være stolt av dei musikalske borna sine, som har vore blant dei fremste utøvarane i Torskangerpoll Musikklag og også i andre samanhengar. Det kan nemnast at Britt Hilde var den første jenta i landet som tok eksamen på nivå 7 (høgste nivå for utøvarar). På eksamensdagen sat ein stolt far i salen og hørde på og resultatet viste seg å være det beste dei hadde hatt til då. I 1981 byrja han på Sogn og Fjordane Teater, og flytta då til Førde, der han har budd sidan. I tida før dette har han ein allsidig yrkesbakgrunn. Han har vore bygningsmann, salgssjåfør, bussjåfør, lysmester på Riksteateret i Oslo, og han



har også utdanning som helsestudioinstruktør, og har drive sitt eige studio på Nordfjordeid. Etter at han flytta til Førde har han heile tida vore aktiv i Førde Ungdomskorps, både som utøvande på tverrfløyte, tuba og euphonium, i tillegg til at han har vore formann og styremedlem i mange år. I løpet av åra i Førde, har Asbjørn også fått barn nummer fire, Kristoffer. Asbjørn er den musikaren i laget som kjem lengst vekke frå når han er på øving, og han er der ganske ofte. Han reiser ikkje mindre enn 16 mil kvar veg når han skal på øving, 2 1/2 time kvar veg.

I Førde driv Asbjørn sitt eige firma, som heiter Teatek. Her tilbyr han scenetekniske konsulenttenester og andre teatertekniske tenester som for eksempel lys. Sistnevnte har også T.poll fått glede

av mange gongar. Asbjørn sin andre identitet, Klovnens OSKAR, har ført han rundt på mange forskjellige stader i Sør-Norge, og klovnens har ofte samarbeidd med musikkorps på mange av besøksstadane. Asbjørn har ei stor munnspelsamling, og samlar på revystoff og revyplater. For mange år sidan på musikkstevne i Stryn, var konsertlokalet kinoen i ei gammal tyskarbrakke. På kvar side av scena var der eit rom der musikanerane på eine sida venta på å kome inn og på andre sida gikk ut. Der stod han og venta i lag med mange andre, masse folk og masse instrument. Plutselig starta det å knake og golvet byrja å sige ned på midten. Det viste seg at golvet brotna på midten, og ramla ned i avgrunnen ca. ein meter ned, slik at det skråa opp på begge sider. Ned i der var det skikkelig kaos. Der låg saksophonar, bassar, stryningar, breimingar og massa anna rart. Han sjølv stod klistra opp etter veggen og bivåna maurtua og korleis den bevega seg nedi avgrunnen.